

25/19 STATUS PLANARBEID NY KYRKJE PÅ TAU

Vedlegg:

- Rådmannen si innstilling til søknad om tilleggsøyving – formannskapet 05.06.2019

Bakgrunn for saka:

Fellestrådet som byggherre skal få rapport og referat frå kvart av møta i byggjekomiteen for å halda seg oppdatert på framdrift og aktuelle spørsmålsstillingar.

SAKSUTGREIING

Fellestrådet er formell byggherre for nye Tau kyrkje og har delegert gjennomførings-ansvaret for dette til byggjekomiteen. Byggjekomiteen har etter gjennomført anbuds konkurranse komme til at budsjetttramma for den nye kyrkja er for låg. På bakgrunn av dette ba fellestrådet Strand kommune om ei tilleggsøyving på kr 15,6 millionar kroner.




Saka var oppe i formannskapet 5. juni 2019 – og den skal opp til endeleg behandling i kommunestyret 19. juni. Rådmannen innstilte på at fellestrådet skulle få innvilga ein liten del av søknaden, tomtekostnader og ekstra reguleringskostnader.

Under handsaminga i formannskapet 5. juni blei det gjort følgjande vedtak med 6 mot 3 stemmer:

1. Kommunen dekker tomtekostnader
 2. Kommunen dekker kostnadene til infrastruktur på kr 4,0 millioner
 3. Kommunen dekke kostnadene til peling på kr 4,3 millioner
- Kostnadene dekkes fra disposisjonsfondet*

Dette betyr at fellestrådet har fått innvilga ca kr 6 mill mindre enn omsøkt, og det blir opp til byggjekomiteen å vurdere om dette er tilstrekkeleg til å få starta bygginga. Byggjekomiteen har beramma sitt neste møte til tysdag 25. juni.

Byggjekomiteen har alt hatt fleire forhandlingsmøter med budsvinnarane Ryfylke Trelast og Stangeland Maskin med tanke på å redusere kostnadene så mykje som muleg. Dette har resultert i ein total kostnadsreduksjon på kr 6,4 mill. Det betyr at prosjektet med oppdaterte tal nå er kostnadsrekna til kr 77,4 mill. I den summen ligg ein post for uføresette kostnader på ca



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

10 % - kr 7 mill. Dersom vedtaket frå formannskapet blir ståande i kommunestyret 19. juni, vil total ramme for Tau kyrkje vera ca kr 71 mill.

Forslag til vedtak:

- Strand kyrkjeleg fellesråd tar statusrapporten til orientering og ber byggjekomiteen om å tilpassa prosjektet slik at det kan gjennomførast etter den nye budsjettramma.

Jørpeland, 6. juni 2019

Trond Hjorteland
kyrkjeverje